



Vår dato:

24.06.2022

Vår ref:

2022/955

Dykkar dato:

Dykkar ref:

22/2399

Bjørnafjorden kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Bjørnafjorden kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Bjørnafjorden kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 158/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Bjørnafjorden kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett dokumenta.

Oppsummering

Som følgje av at prøveprosjektet «Statleg finansiering av omsorgstenestene» (SIO) vart avslutta eitt år før tida, gav dette kommunen ei større økonomisk utfordring i drifta framfor 2022. Det betyr at kommunen i tillegg til innsparingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», må gjennomføre nye innsparinger og bruke av fondsmidlar for å skaffe balanse i 2022 og 2023. Kommunen har høge frie fondsmidlar, og har såleis ein god buffer til uføresette hendingar med økonomisk konsekvens. Samanlikna med driftsinntektene har lånegjelda til kommunen auka mykje dei siste åra. Statsforvaltaren meiner det er nødvendig å gjennomføre dei grep som no ligg inne i økonomiplanen, med reduserte investeringar og lågare låneopptak som belastar drifta. Dette, og saman med høge frie fondsmidlar, bidreg til å oppretthalde handleevna til kommunen.



Budsjett 2022

Etter Kostra-tal for 2021¹ fekk kommunen eit netto driftsresultat på 162,9 mill. kroner. Det utgjer 6,7 prosent av driftsinntektene. Etter at det er overført 8 mill. kroner til investeringar og netto er avsett 18,6 mill. kroner til bundne fond, er netto avsetjing til disposisjonsfond 136,2 mill. kroner. Det betyr at det korrigerte driftsresultatet er noko lågare enn det ordinære. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 641 mill. kroner, som er 26,3 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettet med 1571 mill. kroner. KS-prognosene etter revidert nasjonalbudsjett er på 1615 mill. kroner. Av auken er 4,2 mill. kroner kompensasjon for ekstra utgifter for covid-19, knytte til vaksinasjon og testing.

Netto finansutgifter er budsjettet med 164 mill. kroner. Faktisk netto finansutgift i 2021 var 139 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette negativt med - 60,7 mill. kroner, eller - 3 prosent av driftsinntektene. I dekking av resultatet er det overført 4 mill. kroner til investeringar, bruk av bundne driftsfond 85 mill. og avsetjing til disposisjonsfond 20,3 mill. kroner.

Som følgje av at prøveprosjektet «Statleg finansiering av omsorgstenestene» (SIO) vart avslutta eitt år før tida, endrar sum netto driftsramme til administrasjon og tenesteområda seg mykje til 2022 samanlikna med 2021. Endringa gav og ei større økonomisk utfordring for kommunen. Kommunen gjennomfører innsparingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», og i 2022 er målsetjinga ei innsparing i drifta med nye tiltak på 43,8 mill. kroner.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 268 mill. kroner og eit tilskot til investeringar i kyrkja med 1,5 mill. kroner. Investeringane er finansierte med nytt lån på 152 mill. kroner, ubrukte lånemidlar 70 mill., momskompensasjon 37,5 mill. og sal av varige driftsmidla med 10 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetalte VAR-anlegg gjennom avgifter, utgjer 110 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettet med 60 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei brutto langsiktig lånegjeld på 3,234 mrd. kroner, som utgjorde 132,7 prosent av driftsinntektene². I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 114,5 prosent. Av gjelda utgjorde Startlån til vidare utlån 199 mill. kroner. Netto renteeksponering for Bjørnafjorden ligg på 49,6 prosent av totale driftsinntekter³. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 39,6 prosent.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Handlingsdelen i kommuneplanen, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er sum driftsinntekter auka med 38 mill. kroner, til 2,040 mrd. kroner i 2025. I hovudsak gjeld auken rammetilskot og skatteinntekter. Sum driftsutgifter er lagt inn med ein

¹ og ² Konsern-tal for kommunekassa med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

³ For Bjørnafjorden betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 0,5 prosent av driftsinntektene.



reduksjon på 65 mill. kroner, der lønsutgifter utgjer største delen. Netto finansutgifter aukar frå 164 mill. i 2022 til 191 mill. kroner i 2025.

Årleg netto driftsresultat er i 2023 budsjettet negativt med 3,4 mill. kroner. Dei to siste åra i perioden er positive med 22,7 mill. for kvart av åra. Dette gjev eit gjennomsnitt for perioden på -0,1 prosent av driftsinntektene. Etter overføring til investeringar og bruk av bundne fond, blir det i heile perioden avsett 50 mill. kroner til disposisjonsfond.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmidla for 668 mill. kroner. Største investeringane i perioden er innan oppvekst, helse og velferd og VA-området. Av investeringane er det planlagt at 582 mill. kroner skal finansierast med lån (herav ubrukte lånemidlar 70 mill.), der 370 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VA-anlegg. Startlån frå Husbanken for vidareutlån er vidareført med 60 mill. kroner kvart år i perioden.

Langsiktig lånegjeld (eks. startlån frå Husbanken) er ved utgangen av 2025 for kommunekassa berekna til 3,2 mrd. kroner.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Bjørnafjorden kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Budsjettet resultatgrad (netto driftsresultat) skal vere minst 1,75 prosent.
- Budsjettete avdrag skal minst vere 4 prosent av lånegjelda, ekskl. vidare utlån.
- 25 prosent av ordinære investeringsprosjekt skal vere finansiert med eigenkapital.

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Resultatgrad (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter)	> 1,75 %	-3 %	-0,2 %	1,1 %	1,1 %
Budsjettet avdrag i prosent av lånegjelda (eks. vidare utlån)	> 4 %	3,5 %	3,5 %	3,5 %	3,5 %
Eigenfinansiering i prosent av ordinære investeringsprosjekt	25 %	8,6 %	3,8 %	15,7 %	19,5 %

Statsforvaltaren sine vurderinger

Som følgje av at prøveprosjektet «Statleg finansiering av omsorgstenestene» (SIO) vart avslutta eitt år før tida, gav dette kommunen ei større økonomisk utfordring i drifta framfor 2022. Det betyr at kommunen i tillegg til innsparingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», må gjennomføre nye innsparingar og bruke av fondsmidlar for å skaffe balanse i 2022 og 2023. Kommunen har høge frie fondsmidlar, og har såleis ein god buffer til uføresette hendingar med økonomisk konsekvens. Samanlikna med driftsinntektene har lånegjelda til kommunen auka mykje dei siste åra. Statsforvaltaren meiner det er nødvendig å gjennomføre dei grep som no ligg inne i økonomiplanen, med reduserte investeringar og lågare låneopptak som belastar drifta. Dette, og saman med høge frie fondsmidlar, bidreg til å oppretthalde handleevna til kommunen.



Statsforvaltaren meiner og at kommunen må vidare prioritere ei planlegging og styring som oppfyller dei finansielle måltala som kommunestyret har vedteke.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent